

Aktivitetshuset i mål for 11 millionar

15.01.2009



Aktivitetshuset - i mål for 11 millionar. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Med det aller første vil fylket gje klarsignal for utbetaling av spelemidla som kommunen har forsøktert for Aktivitetshuset i Uskedalen. Dermed vil eit prosjekt som det er arbeidd med i rundt rekna sju år vera i mål.**

Sissel Aarseth ved kulturkontoret opplyser til uskedalen.no at det var i 2006 prosjektet fekk innvilga spelemidlar.

Men det har trukke ut med fullføringa av 'storstova' i Uskedalen. Sist haust vart det gjort ein stor dugnadsinnsats i idrettslaget sin regi for å bli ferdig innan den aller siste fristen. Hvis ikkje det hadde lukkast. ville kommunen ha mista spelemidlane.

- Det byggetekniske vart ferdig-godkjend av kommunen før jul. Då vart det sjekka ut at alt var i orden utifrå planar, lover og reglar.

For få dagar sidan godkjende så Deloitte som er kommunen sitt revisjonsfirma rekneskapen med 10.971.263 kroner som sluttsum. Kalkulert sum var 10.041.000 kroner.

- Og kor stor har dugnadsinnsatsen vore i pengar?

- Det blir operert med ein dugnadsverdi på rundt rekna to millionar. Det er altså den summen det ville kosta å kjøpa tilsvarande varer og tenester.

Av Ola Matti Mathisen